



Frigaard trør til i kjedlaren

**Fleire band er sikre vinnarar på Dønhaug og kvartetten til Terje Frigaard er ein av dei. Tek vi ikkje feil har dei spela to gonger både på låven og i kjedlaren og inatt hadde dei suksess att i kjedlaren med sine heftige blåtonar. Magne Huglen hadde venteliste og tok inn så mange som han har lov til. Det betyr at det var 70 som opplevde blueskvelden og som sikkert var einige i denne kommentaren frå ein av dei store bluesentusiastane i ein av nabobygdene våre: Herleg musikk, eg er heftig begeistra!.**

Jau, det er verkeleg heftig når Frigaard trør til for ålvor. Då kan ein leggja konversasjonen til side for ei stund og berre duve med i musikken. Det kan også vera gunstig for både sjel og sinn ein gong frå tid til annan.

Terje sjølv syng og spelar munspel, eit instrument som vi tykkjer høyr til blusen.

Når ein dertil veit at han nesten er kvinnhering, er det ikkje problematisk å bli imponert over musikken hans. Men med fåre for å fornærma han synest vi at gitaristen er bandets bestemann, Reino A. Småland må vera ein av dei betre

i landet på dette instrumentet. Så seier da også sjefen at han er den beste gitarist han har møtt. og hatt med i bandet

Men også bassisten Peter Råh. Sæverud og trommeslageren Jan Petter Ågotnes heng godt med i svingane som kan vera krappe av og til. Utanom Terje er alle 3 frå Bergensområdet. Berre ein av dei, bassisten, er musikar på heiltid. Sjefen sjølv er 'halv musikar'. Såvidt vi skjønar står ikkje oppdraga i kø, det neste kjem ikkje før i slutten på april - i Os.

Vi sakna igrunnen berre ein person i natt - bygdas største bluesentusiast - ein viss veterinær som alle kjenner. Han hadde sikkert ein tungtvegande grurn til ikkje å vera ringside.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Gitarist Småland (til høgre) imponerte mange